


Strategiplan IT-forum Sogn og Fjordane 2019

IT-forum og nye Vestland



Innhald **side**

Del I: Underlaget for strategiarbeidet

1. Vedtak årsmøtet 2018	4
2. Prosessen	5
3. Intervju med representantskapen	6
4. Studietur Hordaland / Bergen	12
5. Gjennomgang av grupper/nettverk	17

Del II: Tilrådingar

6. Samla tilråding grupper	24
7. Justert namn og føremål	26
8. Organisering	27
9. Finansiering	31

Del I

Underlaget for strategiarbeidet

– bakgrunn, prosess, status og innspel

1. Vedtak årsmøtet 2018

Årsmøtet i IT-forum Sogn og Fjordane 6. april 2018 vedtok å setje i gang ein strategiprosess for vurdere aktivitetane i IT-forum særleg i høve dei pågåande regionaliserings-prosessane fram mot det nye Vestland fylke. Årsmøtet gjorde slikt vedtak:

Årsmøtet ber styret meisle ut strategi for IT-forum Sogn og Fjordane i 2020 i det nye Vestland og førebu sak om dette til årsmøtet 2019.

Dette notatet er ei oppsummering av aktivitetane som er sett i gang etter årsmøtet, og tilrådingane som har kome ut av arbeidet.

2. Prosessen med møte og dialogar for innspel til strategiarbeidet

Etter vedtaket på årsmøtet sette styret i gang ei rekkje aktivitetar for å kartlegge status og moglege utviklingsretningar for IT-forum Sogn og Fjordane (SFj). Ei rekkje møte er gjennomført i styret og i alle aktive grupper i IT-forum. Medlemmar av representantskapen er intervjuet, fleire besøk er gjennomført til sentrale organisasjonar i Bergen / Hordaland og organisasjonar frå Hordaland har vore på besøk i Sogn og Fjordane. Følgjande oversikt viser dei viktigaste aktivitetane:

- Juni 2018: Årsmøtet IT-forum Breiband. Skei: Drøfting av samarbeid Hordaland
28. juni: Styremøte ITF, Skei
- Haust 2018: Intervju med medlemmar av representantskapen
16. aug: Styremøte ITF, Skei
4. okt: Besøk frå Næringsavdelinga Hordaland fylkeskommune, Sogndal
18. okt: Styremøte ITF og deltaking på Telecomworld i Førde
20. nov: Styremøte ITF, Førde
- 20-21. nov: Haustmøtet IT-forum SFj, Førde: presentasjonar og drøfting med omlag 60 deltakarar
22. nov: Drøfting på arbeidsmøte arbeidsgruppe «Oppvekst og utdanning», Skei
7. jan: Drøfting på arbeidsmøte i arbeidsgruppe «Breiband», Skei
- 29-30. jan: Studietur for arbeidsgruppe «Velferdsteknologi» til Utviklingssenteret for heimetenester og sjukeheimar i Bergen, Lindås og Nord-Hordaland-prosjektet og Bergen kommune, Bergen
- 12-13. feb: Studietur Hordaland / Bergen med besøk til
- Prosjektrådmannen Vestland fylkeskommune
 - Næringsklynge GCE Ocean Technologies
 - Høgskulen på Vestlandet, Campus Kronborg
 - Bergen kommune, Digitalisering og innovasjon konsern
27. feb: Styremøte IT-forum SFj, Drøfting og innstilling



3. Intervju med representantskapen

Hausten 2018 vart det gjennomført intervju med over halvparten av medlemmane i representantskapen i IT-forum. Intervjua vart for det meste gjort gjennom besøk til kvar einskild, men nokre intervju vart gjennomført via telefon. Intervjua vart gjennomført etter ein fastlagt intervjumal og tok omlag 1,5 – 2 timar.

Representantskapen

- Fylkesmannen SFj (2019)
- Sogn og Fjordane energilag
- Helse Førde
- Sogn og Fjordane fylkeskommune (2020)
- Innovasjon Norge
- Sparebanken Vest
- Sparebanken Sogn og Fjordane
- NHO
- Eninvest
- Sogndal fotball
- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Vestlandsforskning
- Hydro AS
- Lerum
- KS Sogn og Fjordane
- Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Difi
- Sognernett

Fig.1: Omlag halvparten (utheva) av medlemmane i IT-forum har eller får Vestland fylke som dekningsområde innan 1.1.2020.

Eit samandrag av tilbakemeldingane viser eit stort samanfall i synspunkta på IT-forum.

3.1 Er IT-forum Sfj til nytte for eigen organisasjon?

Dei fleste kunne påvise nytte for eigen organisasjon, og summerte opp dette i følgjande hovudpunkt der IT-forum bidrar til:

- Fagleg nettverk for IT og for strategiar for utnytting av IT
- Dokumentasjon/fakta for politisk påverknad, t.d. for å fremme breibandutbygging
- Vise til eit samla miljø i regionen/fylket for å grunnge utvikling av oppgåver/arbeidsplassar
- Verkemiddel for regional utviklarrolle for dei offentlege organisasjonane, særleg knytt til breibandutbygging og e-helse gjennom mange år, men og IT-utdanning i det seinaste åra.

3.2 Er IT-forum Sfg til nytte for Sogn og Fjordane ?

Alle peika på at IT-forum har bidrege i stor grad til å løyse felles identifiserte behov for fylket. Særleg vart følgjande konkrete aktivitetar framheva:

- Breibandutbygging i ikkje-kommersielle område der Sogn og Fjordane har gått frå å vera dårlegast i landet til å ha høgast utbyggingstempo. I tillegg til fiberutbygging er også mobiltenester og nedbygging av koparnettet viktige problemstillingar
- IT-utdanninga vart utvikla gjennom samarbeid mellom statlege etatar og næringsliv, men samordna og gjennomført gjennom IT-forum i samarbeid med Høgskulen. Dette har vore ei viktig satsing for næringslivet. Oppstarten av IT-utdanninga i 2018 var ein viktig milepåle og treng vidare oppfølging for å sikre resultat.
- Velferdsteknologi har vore viktig i fleire år gjennom eit samarbeid med kommunane i fylket. Det har mobilisert kommunane, har dokumentert og stått for kartlegging og kompetanseheving og vore ein fagleg nettverk for kommunane. Kommunane er no i gang med iverksettingsaktivitetar og er med i nasjonalt program. Samarbeidet med Alarmsentralen i Florø er og viktig for å bidra til å gjere denne til responscenter for dei 23 eigarkommunane.
- Statlege arbeidsplassar. Samarbeidet i IT-forum og dei store EU-prosjekt på 90-talet var det direkte grunnlaget for etableringa av portalen Norge.no og deretter DIFI. I dag har DIFI over 100 statlege arbeidsplassar på Leikanger. Utan samarbeidet og dei store prosjekta hadde ikkje desse arbeidsplassane vore der i dag. Nokre uttrykte det slik: «..hadde ikkje kome på å kjempe for noko slikt», «..IT-forum var katalysator for regionen».

3.3 Kva har IT-forum Sfg ikkje fått til ?

It-forum Sfg har gjennom alle år hatt meir aktivitet direkte for og i samarbeid med offentleg sektor enn med næringslivet. Informantane meiner likevel at det er vesentleg vanskelegare å få til varige og mykje aktivitetar med bedriftene. Dei har svært ulike behov og dei er små og har liten tid til å vera med i utviklingsaktivitetar.

For næringslivet og bedriftene var møteplassar som IT-forum-konferansen viktig, noko haustmøta delvis har teke over. Framtidig aktivitet bør arbeide vidare med dette.

I tillegg er arbeidet med breibandutbygging og mobilnett, samt den nye IT-utdanninga viktig for næringslivet. Det er svært viktig å lukkast med dette og ta vare på det som no er skapt. Dette er og eit viktig element i arbeidet med å profilere og bygge attraktive regionale bu- og arbeidsmiljø. Dersom dette lukkast, so er det truleg det viktigaste IT-forum Sfg kan gjere for næringslivet.

Eit anna område som truleg kan satsast meir på er kvinner og teknologi. Det har vore til dels dårleg kjønnsbalanse i mange aktivitetar i IT-forum og rekrutteringa til den nye IT-utdanninga har også hatt dårleg deltaking av jenter. Eit nytt prosjekt «Kvinneløftet – Fixit», som er ei

påbygging til Teknoløftet Sogn og Fjordane, skal arbeide spesifikt med kurs og mobilisering rundt jenter og IT.

3.4 Er det andre som dekkar IT-forum S fj sine aktivitetar og vil dei vere med vidare?

Ingen seier at IT-forum S fj gjer dobbeltarbeid og dekkar aktivitetar som andre også arbeider med.

«..It-forum har på finurleg vis funne sin plass, og har ikkje vore i diskusjon om nedlegging på over 20 år..»

Det vart også vist til at det var eit godt trekk å samordne IT-forumkonferansen med Næringsdagane i Sogn og Fjordane. IT-forum skal heller vere med å samarbeide og bygge opp under andre enn å insistere på eigne arrangement.

Alle dei intervjuja ønskjer framleis å vera med i IT-forum S fj sine aktivitetar.

3.5 Kva er viktige utfordringar framover ?

Tilbakemeldingane på kva som er viktigast framover er også klart samanfallande. Det viktigaste er å bygge og profilere sterke regionale samarbeidsmiljø for å:

- Demme opp for alvorleg og negativ demografisk utvikling i Sogn og Fjordane
- Profilere sterke teknologimiljø kombinert med dei beste bumiljøa
- Profilere og bygge attraktive arbeidsplassar, og særleg miljø som har arbeid for to

Elles vart IT-utdanning framheva som viktig å satsa vidare på og sikre rekruttering av både studentar og lærarar. Det nye store Teknoløft Sogn og Fjordane-prosjektet mellom Høgskulen og Vestlandsforskning er også ein viktig del av dette med utvikling av masterutdanning.

Ei tredje viktig satsing er å utvikle større prosjekt med teknologiinnhald i samarbeid med næringslivet. Dette er budsjettvinnarane i både Forskingsråd og i næringsutvikling. IT-forum burde satse på ambisiøse knoppskytingsprosjekt som kan gje mange arbeidsplassar. Sogn og Fjordane kan ta nasjonale posisjonar t.d. innan landbruk, havbruk eller velferdsteknologi.

Dagens prioriterte tema har utvikla seg utifrå breie behov i regionen og desse behova er enno ikkje løyst. Heller ikkje breiband er løyst, sjølv om snart halvparten av kommunane har fått fulle breibandutbygging.

Digitaliseringsnettverket vart framheva som eit tema som må få til større aktivitet. Nye kommunar må bli drivarar og Sogn og Fjordane må få ei nasjonal stemme, gjerne i samarbeid med Bergen kommune.

3.6 Kva er viktig å ta vare på med IT-forum Sfg?

Gjennom over 20 år har IT-forum Sfg utvikla arbeidsmåtar som er tilpassa tilhøva i Sogn og Fjordane. Forumet har løyst felles problem med små ressursar.

Det er viktig å bygge vidare på grunnoppskrifta

1. Faglege nettverk i regionen
2. Initiere og utvikle felles prosjektsatsingar
3. Utvikle dokumentasjon og drive påverknad for å endre rammevilkår

Utifrå denne arbeidsmåten har IT-forum fått nokre viktige kjenneteikn som kan oppsummerast gjennom desse sitata:

- «Nøkkelen er å kombinere handlekraft og politikk..»
- «Fleksibilitet og ubyråkratisk»
- «Møteplass og treningsarena offentleg-næring-FoU»
- «Styret frå ulike sektorar / miljø»
- «Treng ein liten og kjapp organisasjon på utsida av nye og endå større organisasjonar»
- «Ingen dominerande part»
- «Nokon å ringe til når noko skjer..»
- «Det er ikkje slik at alle skal vere representert, men vi tar med dei som vil noko»
- «Går ut av oss sjølve og tenkjer fellesskap..»

3.7 SWOT-analyse IT-forum Sogn og Fjordane


STYRKER	SVAKHEITER
<ul style="list-style-type: none"> • Godt nettverk – Trippel helix – samarbeid på tvers • Litt gerilja – «berre gjer da» • Bra omdømme i Sfg • Dokumenterbare resultat • God historikk • God samarbeidskultur • Alle som vil har fått vore med 	<ul style="list-style-type: none"> • Halvparten av eigarane har utvida nedslagsfeltet – Sfg + Hordaland • Fleire av dei går også lenger sørover • Sveikka forankring • Fleire «konkurrentar» • Laus organisasjon • Få aktive ressursar • Mange trur vi berre driv med breiband
MOGLEGHEITER	TRUSLAR
<ul style="list-style-type: none"> • Vi treng ikkje starte frå null og kan snu oss fort • Dei små treng kvarandre – vi kan støtte eit behov • Aktørar i Sfg vil trenge samordning • Hordaland vil trenge samordning • Vi er ein av fleire nøklar til «Vestlandskoden» og «Vestlandsoffensiven» 	<ul style="list-style-type: none"> • Vi blir støy for dei «store» • Våre eigarar vil ta ballen sjølv? • Våre eigarar vil koordinere seg annleis • Vi blir haldne utanfor viktige diskusjonar • Det går fort i svingane – kraftig omstilling • Bergen blir sterke og suverene

3.8 Kan IT-forum spele ei rolle i nye Vestland fylke?

Alle organisasjonane meinte IT-forum kan bidra til å løyse behov i nye Vestland fylke gjennom å bygge vidare på arbeidsmåte og valde tema. Kven har behov for IT-forum S fj og det arbeidet som blir gjort i dag?

- I alle fall utkantane i nye Vestland fylke har mykje dei same behova
- Breiband, velferdsteknologi, digitalisering er aktuelle tema for småkommunane
- Samarbeid offentleg sektor – bedrifter – FoU er aktuelt
- Mange små utkantkommunar treng offentleg sektor for å få nok aktivitet
- Balansere små og store organisasjonar i breie samarbeidsprosjekt
- Profilere lokale/regionale miljø som bu- og arbeidsområde

	SFj	Vestland
Innbyg.	110.230	632.769
Kommunar	26	43 (59)
Bergen		280.000
Sunnfj. kom.	21.963	
Areal		+ 85 %
Bedrifter	9.000	45.000
Nynorsk elevar		49,2 %



Figur 1.1.1: Folketalsutvikling 1.1.2013–1.1.2018. Gjeldande kommunestruktur. Tal i prosent. Kjelde: SSB tabell 07459

4. Studietur Hordaland / Bergen

To studieturar har vore gjennomført til Bergen/Hordaland. Først var arbeidsgruppa for velferdsteknologi i ITF på besøk hjå Utviklingssenteret for Sjukeheimar og Heimetenester i Bergen, Lindås- og Nordhordlandsprosjektet og Bergen kommune i Bergen 30-31. januar 2019. Deretter var styret i IT-forum på besøk hjå Hordaland fylkeskommune ved rådmannen for nye Vestland fylkeskommune, Høgskulen på Vestlandet og Bergen kommune 12. og 13. februar 2019.

Begge møta gav verdifull innsikt i status og moglege samarbeid for framtida.

4.1 Møte med den nye leiinga for Vestland fylkeskommune

Rådmann Rune Haugsdal og direktør for strategisk utvikling og digitalisering Paal Fosdal presenterte status og planar for den nye fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune skal ikkje vera over-kommune. Prioriterte oppgåver er

- o Strategi
- o Mobilisering
- o Koordinering

For den nye fylkeskommunen vert rolla som samfunnsutviklar særskilt viktig. I diskusjonen var det dialog om korleis IT-forum Sjf kan støtte opp om dette med bakgrunn i erfaringar frå Sogn og Fjordane.

1. IT-forum har nettopp teke eit slikt ansvar knytt til IT-satsingar i SFj. Både infrastruktur og tenester. Erfaringar frå satsingar er relevante i nye Vestland
2. IT-forum har hatt ei aktiv rådgjevarrolle for Sogn og Fjordane fylkeskommune
3. Mobilisering- vi har erfaring frå å initiere satsingar og støtte kommunar med informasjon og kunnskap
4. Samordne – vi har erfaring for å skape samarbeid på tvers av tradisjonelle skiljelinjer og samle søknadar og innspel som kan påverke nasjonal politikk og rammevilkår



4.2 Næringsklyngesatsinga i Hordaland ved GCE Ocean Technologies

Direktør/CEO Owe Hagesæther og Høgskulen på Vestlandet ved dekan Geir Anton Johansen presenterte satsinga.

Hordaland har ei rekkje sterke næringsklynger som er ein del av dei store nasjonale satsingane ARENA, NCE og GCE. GCE Ocean Technologies er ein av dei største og mest modne.

- GCE = Global Centre of Expertise. Den mest avanserte/modne av GCE/NCE/ARENA
- Kun tre GCE i Norge. Blir ikkje teke opp fleire per no
- Skifta namn frå SubSea til Ocean Technologies for å vise større breidde i bedrifter/næring, m.a. offshore vind og oppdrett. Målet er å bygge klynge regionalt med marknad globalt
- GCE Ocean Technologies har node i Sogn og Fjordane, og 7 medlemsbedrifter her. Halv stilling i Florø og samarbeid med Maritim Forening SFj.
- Svært mange bedrifter og dels store. Mange bransjar, også advokatar og konsulentar.
- Kontingent avhengig av bedriftsstorleik
- Sekretariat med 7 personar. Ca 20+ mill. kr i budsjett
- Hjelpe verksemder med kompetanse, kurs, koplingar og prosjekt.
- Open kunnskapsdeling er sentralt. Heile økosystemet må fungere for å lukkast i eit nettverk. Modelltenkinga i klynga har utvikla seg basert på tett dialog med HVL, og modellar frå Massachusetts Institute of Technology (MIT).
- Entreprenørskap er vektlagt. Norge er rikt, men det vert investert lite i entreprenørskap. Eigeninnsats og rapporteringsregimer til små offentlege prosjekt er problematisk.



4.3 Møte med Høgskulen på Vestlandet, Campus Kronborg

Kristin Fanebust Hetland, leiar for Institutt for data og realfag presenterte instituttet og samanhengane mellom forkurs, bachelorprogram, masterprogram og ph.d.-program.

Geir Anton Johansen, dekan for Fakultet for natur- og ingeniørvitenskap viste oversikt over studiestadar og studie (Haugesund, Stord, Bergen, Sogndal, Førde, Florø og Kristiansund). Viste og til samarbeid med Universitetet i Bergen og fagleg innhald og profil i master og ph.d.-programma. HVL har og omfattande samarbeid med næringslivet, særleg gjennom klyngeprogramma. Den store utfordringa er studentrekruttering.

Pål Ellingsen presenterte meir detaljert programma og forskingsområda

- Software Engineering
- Sensor Networks
- Engineering Computing

Øyvind Berge presenterte «Mohnsenteret for Innovasjon og regional utvikling».

Mastergradsprogram «Innovasjon og regionalt entreprenørskap» og «Innovasjon og leiing» og ph.d.-program «Responsible innovation and regional development».

Senteret har ei rekkje store prosjekt med næringslivet, og prosjekt i same program som Teknoløft SFj: MobiForsk for mobilisering næring-forskning og Kabis for sjømat/havbruk

IT-utdanninga i Førde


- Noko bekymring rundt studiet i Førde
- Under kritisk grense på 20 studentar for å gå i økonomisk balanse
- Har ikkje lukkast å rekruttere kvalifisert lærar i Førde
- Kan ITF hjelpa med å rekruttere lærarkrefter?
- Mange studie ved HVL som er relevante, både master og ph.d.
- IT-studiet i Førde viktig for heile aktiviteten i Førde
- Godt samarbeid mellom HVL og ITF og SFj, meir enn vanleg
- Må arbeide godt saman vidare for å sikre studia



4.4 Møte med Bergen kommune

IT-direktør Kjetil Århus og Eirik Tenfjord Bergen kommune og Ole Bakkebø, Fylkesmannen Vestland presenterte satsingar og planar.

Bergen kommune har 70-80 tilsette og 70-80 innleigde konsulentar i IT-avdelinga. Århus presenterte modell for digitalisering av kommunane i Hordaland. Dette er ein sentralisert modell med avansert datainnhenting, analyse og realisering av gevinstar gjennom tenesteutvikling og standardkomponentar.



Århus teikna eit kart med 6-7 sentrale HUBar (knutepunkt) for digitalisering i offentlig sektor i Norge. Bergen vil vere ein av desse. Kommunar kjøper så tenester frå dei enkelte HUBane og har berre driftspersonale lokalt.



Bergen er aktiv nasjonalt og påvirker nasjonale satsingar og nasjonale rammer. Alt må bygge på standardisering og nasjonale felleskomponentar. Kanskje kan regionale samarbeid som SYS og Nordfjordnett ha representantar i temagrupper? Det kan vere ei opning for at kommunar i Sogn og Fjordane kan søkje seg med i samarbeidet. Deltaking har typisk kosta eksisterande kommunar i Hordaland 150 000 kroner i årleg avgift.

KS har ei utviklingsavdeling som no er samlokalisert med utviklingsmiljøet i Bergen kommune. Fylkesmannen sin representant peika på at i Hordaland fekk berre fellesprosjekt støtte frå regionale utviklingsmidlar.

5. Gjennomgang av grupper/nettverk

Dagens organisering av IT-forum Sogn og Fjordane omfattar formelt sett sju nettverk og arbeidsgrupper. Nokre av desse er svært aktive, nokre er mindre aktive. Nokre har eksistert sidan etableringa av IT-forum Sfgj, andre er nokså nyleg etablerte.

Gjennomgangen i dette kapitlet vurderer kvart nettverk/gruppe i høve til kva behov det dekkar, interesse frå dagens deltakarar i høve vidare arbeid og interesse frå miljø utanfor Sogn og Fjordane. Til slutt blir det gitt ei tilråding om mogleg vidare arbeid og organisering som så er grunnlag for ei samla vurdering av aktiviteten i IT-forum.




Fig.2: Oversikt over arbeidsgrupper og nettverk i IT-forum Sogn og Fjordane i 2018.

5.1. Vurdering av tema «Breiband»

Arbeidsgruppa for breiband har eksistert sidan 2004. Gruppa har stått for den samla satsinga og fagnettverket for å sikre breibandutbygging i ikkje-kommersielle område i Sogn og Fjordane. Gruppa har utvikla samarbeid mellom SFj fylkeskommune, alle kommunane i fylket via regionråda, samt FoU og næringslivet via NHO. Arbeidet har gitt stor utteljing i høve til å sikre delfinansiering til breibandutbygging der Sogn og Fjordane har kome på topp i landet med 130 mill. kr i nasjonal delfinansiering av breibandutbygging i 2014-2018. Sidan etableringa i 2004 har arbeidet omfatta prosjekt i storleik 4-500 mill. kr.

Uttalte behov frå deltakarane

- Sikre breiband til alle (næring, husstandar, off.) i ikkje-kommersielle område
- Støtte kommunane i konkurransen om nasjonale midlar
- Påverknad av styresmakter for å sikre nok løyvingar til breiband
- Arbeider for nødvendig mobildekning i regionen – oppstart utrulling 5G
- Sikre at avvikling av koparnettet ikkje råkar område utan alternative løysingar

Interessentar i vidare arbeid

- Kommunane i Sogn og Fjordane ber om vidareføring av eit viktig fagleg nettverk
- Ei rekkje kommunar er ikkje ferdige med breibandutbygging, mobilnettet er dårleg mange stadar og den nyleg annonserte nedbygginga av koparnettet er eit ny utfordring.
- Stor interesse frå Hordaland fylkeskommune for samarbeid i det nye fylket
- Både KS og Vestland fylkeskommune ser på ITF breiband som eigna verkemiddel

Framlegg til vidare prioritering og arbeid

- Fortsetje med same arbeidsmåte
- Utvide til å dekke Vestland fylke i samarbeid med nye Vestland fylkeskom & KS
- Invitere interesserte kommunar via sine regionråd (= delta i arbeidsgruppa)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til Vestland fylkeskommune & kommunane

5.2 Vurdering av tema «Velferdsteknologi»

Temaområde velferdsteknologi er ei vidareføring av temaet «eHelse/meldingsløftet» som var prioritert fram til 2013. Frå 2014 og til i dag har kommunane i Sogn og Fjordane samarbeidd om utvikling og spreiding av velferdsteknologi. Gjennom fem fasar har eit fylkesovergripande prosjekt og fagnettverk støtta kommunane i mobilisering, kunnskapsutvikling, utprøving og dokumentasjon av operative løysingar. No er også 23 kommunar med i eit nasjonalt spreidingsprogram for å sikre innføring av velferdsteknologi i alle kommunane innan 2020, som er det nasjonale målet. Arbeidet har også vore knytt mot Alarmsentralen i Florø for å utvikle denne til regionalt responscenter. Ei rekkje regionale organisasjonar er med i arbeidet slik som Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester, Høgskulen på Vestlandet, Fylkesmannen, Hjelpemiddelsentralen, Helse Førde, Eid vidaregåande skule og Vestlandsforskning.

Uttalte behov frå deltakarane

- Sikre informasjons- og kunnskapsdeling for kommunane som driv tenesteutvikling for velferdsteknologi
- Støtte kommunane i konkurranse om nasjonale midlar og andre resursar
- Påverke styresmakter for å sikre resursar til utviklingsarbeid
- Støtte kommunane med kunnskap i komplekse og omfattande integreringsarbeid på tvers av kommunar og i samarbeid med regionalt responscenter

Interessentar i vidare arbeid

- Kommunane i Sogn og Fjordane ber om vidareføring av viktige faglege nettverk
- Alarmsentralen i Florø deltek og omstiller til responscenter for velferdsteknologi
- Interesse frå Lindås/ nye Alvern kommune + Nord-Hordlandprosjektet
- Høgskulen på Vestlandet og vidaregåande skular er og vil vere med

Framlegg til vidare prioritering og arbeid

- Fortsetje med same arbeidsmåte og særleg prioritere behova til små kommunar
- Utvide med interesserte kommunar via sine regionråd (= delta i arbeidsgruppa)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til kommunane, KS og Fylkesmannen

5.3 Vurdering av tema «Oppvekst og utdanning»

Arbeidsgruppa har eksistert sidan 2005 og har hatt ulike fasar i arbeidet. Dei første åra var innsatsen knytt til utvikling av innhald i ulike digitale læringsplattformer. Etterkvart har gruppa teke ansvar for å etablere og drive eit stort fagleg nettverk og møteplass der ein årleg konferanse med opp mot 200 deltakarar er ein hovudaktivitet. Føremålet med arbeidsgruppa er å utvikle og styrke det faglege samarbeidet og kunnskapsutvikling på tvers av ulike nivå innan oppvekst og utdanning. Slike nivå-overgripande nettverk har ikkje eksistert utanom denne gruppa.

Uttalte behov frå deltakarane

- Vere pådrivar for digital danning, kunnskapsbygging, utvikling og dialog innan oppvekst- og utdanning i fylket
- Møter uttalt behov i fylket og samlar årleg 120-200 deltakarar på eigen konferanse
- Unikt samarbeid, også i nasjonal samanheng, på tvers av skuleslag

Interessentar i vidare arbeid

- Ressurspersonar ikt frå alle regionråda, fylkeskommunen, fylkesmannen, Høgskulen på Vestlandet og vidaregåande skular
- Arbeidsgruppa har drøfta vidareføring, gjerne i samarbeid med Hordaland

Framlegg til vidare arbeid og organisering

- Fortsetje med same arbeidsmåte inkl. den årlege fagkonferansen
- Utvide med interesserte kommunar via sine regionråd (= delta i arbeidsgruppa)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til kommunane, KS, Vestland fylkeskommune

5.4. Vurdering av tema «IT-utdanninga»

Arbeidsgruppa har vore etablert som ei midlertidig gruppe som skal støtte opp om utvikling og særleg rekruttering til den nye IT-utdanninga ved Høgskulen på Vestlandet. Det nye studiet kom i gang med vel 20 studentar våren 2018. Arbeidet må vidareførast for å sikre god rekruttering til studiet og i tillegg sikre lokale lærekrefter.

Uttalte behov frå deltakarane

- Tidsavgrensa prosjekt for å støtte rekruttering av studentar til IT-utdanninga ved HVL
- Også behov for studentoppgåver, sommararbeid og gjesteforelesarar frå næringslivet
- Behov for å rekruttere lærarar med base i Førde
- Ny stor interesse for «IT og kvinner/jenter» som viktig del av rekrutteringsarbeidet
- God oppslutnad frå regionalt næringsliv

Interessentar i vidare arbeid

- HVL, næringslivet i SFj, bankane, fylkeskommunen, fylkesmannen, Vestlandsforskning
- Kvinnenettverk som Girl Geek dinner

Framlegg til vidare arbeid og organisering

- Gjere prosjektet om til permanent arbeidsgruppe
- Inkludere «IT og kvinner/jenter» som spesialitet og vesentleg del av arbeidet
- Utvide med interesserte kommunar / næringsnettverk i Hordaland via sine regionråd/nettverk (særleg for IT og kvinner)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til HVL, næringsliv, KS, Vestland fylkeskommune

5.4. IT-forum – tema Digitaliseringsnettverk

Heit sidan starten på 90-talet har It-forum arbeidd med IT i offentleg sektor. Det har hatt ulike namn gjennom åra og særleg Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og KS har vore pådrivarar. Fleire kommunar og også vore aktive og det har vore gjennomført ei rekkje prosjekt med både regional og nasjonal finansiering. No er det etablert eit digitaliseringsnettverk som særleg skal arbeide for at alle kommunane skal vere med og ta i bruke ulike felleskomponentar og å drive tenesteutvikling og omstilling. Det er stort behov for å styrka dette arbeidet og bidra til å støtte kommunane.

Uttalt behov frå deltakarane

- Stort behov for digitalisering/omstilling i kommunal sektor
- Nasjonale føringar og satsingar gir ferdige løysingar og delvis finansiering
- Behov for å vere synleg på nasjonale arenaer og særleg reflektere lokale behov
- Nye større kommunar er i omstilling/ending og får meir kraftfulle miljø
- Avklare samarbeid med Bergen kommune som svært stor kunnskaps- og driftsorganisasjon

Interessentar i vidare arbeid

- Kommunane, Vestland fylkeskommune, KS, Fylkesmannen i Vestland
- SYS-IKT, Nordfjordnett, Kinn og Indre Sogn tek all IKT-drift frå 2020
- Bergen kommune kan ta på seg dei fleste oppgåver, inkl. drift

Framlegg til vidare arbeid og organisering

- KS Sogn og Fjordane har mandat frå kommunane til å utgreie moglege samarbeidsformer for digitalisering. Dette kan vere samarbeid innad i fylket og med aktørar utanfor dagens fylkesgrense. Ein føresetnad for eit slikt samarbeid er tydlegare forpliktingar frå kommunane enn ein har i IT-Forum i dag.
- Årsmøtet ber styret i IT-Forum S fj greie ut moglege former for samarbeid om digitalisering i samråd med KS, kommunane og fylkeskommunen. IT-Forum S fj vil bidra til samordning av digitalisering for kommunal sektor i fylket og ser at dette må skje på kommunane sine premissar. IT-Forum S fj vil stille seg til disposisjon som samarbeidsorgan slik kommunane ser det føremålstenleg.

5.5 Vurdering tema «Drift og utvikling»

Denne arbeidsgruppa har eksistert sidan etableringa av IT-forum. I samband med dei årlege IT-forum-konferansane hadde gruppa stor aktivitet med å stå for teknisk tilrettelegging og drift av konferansen. Etablering av breiband og videokonferanse på Hotell Aleksandra i Loen var eitt delresultat. Gruppa har også gjennomført ei rekkje kurs og fellesaktivitetar for medlemmane gjennom åra. Men i dei seinare åra har aktiviteten vore liten, og med dei stadig større kommunale driftssamarbeida, har desse overteke aktivitetane.

Uttalt behov

- Svært liten aktivitet dei seinare åra
- Driftsmiljøa er/blir omorganisert

Framlegg til ny organisering

- Føreslår nedlegging av gruppa og samanslåing med «Digitaliseringsnettverk»

5.6 Vurdering tema «Leverandørnettverk»

Gruppa vart utvikla etter innspel frå fleire IT-verksemder i fylket. Fleire nye verksemder vart etablert og det var signalisert eit behov for å utvikle fellesaktivitetar som kunne støtte samarbeid om større tilbudsprosessar i tillegg til felles overvaking av utlysingar og felles kompetanseheving. Etter ein periode med prosjektfinansiering av fellesaktivitetar har aktivitetane vore stadig mindre. Det er stadig er uttrykt behov for felles møteplassar og for profilering av attraktive bu- og arbeidsmiljø og behov knytt til rekruttering.

Uttalt behov

- Svært liten aktivitet seinare åra
- Aktivitet når det dukkar opp problem som store anbod etc.
- Uttrykt behov for møteplassar
- Lokale/regionale næringsssatsingar kan vere nav.
- Større næringsretta satsing?

Interessentar

- Næringsliv, næringshagar, Kunnskapsparken, Vestland fylkeskommune
- Bankane og gründerar

Framlegg til ny organisering

- Ta vare på møteplassane og knyte til
 - Lokale arrangement
 - Haustmøte, studieturar og Næringsdagane
- Få fram storsatsing på eit næringsområde?

Del II

Tilrådingar

6. Samla tilråding grupper

Utifrå ei samla vurdering under pkt. 5 ovanfor er tilrådinga for justert struktur og dekningsområde følgjande:

Tema Breiband - framlegg til vidare prioritering og arbeid

- Fortsetje med same arbeidsmåte
- Utvide til å dekke Vestland fylke i samarbeid med nye Vestland fylkeskom og KS
- Invitere interesserte kommunar via sine regionråd (= delta i arbeidsgruppa)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til Vestland fylkeskommune og kommunane

Tema Velferdsteknologi - framlegg til vidare prioritering og arbeid

- Fortsetje med same arbeidsmåte og særleg prioritere behova til små kommunar
- Utvide med interesserte kommunar via sine regionråd (= delta i arbeidsgruppa)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til kommunane, KS og Fylkesmannen

Tema Oppvekst og utdanning - framlegg til vidare arbeid og organisering

- Fortsetje med same arbeidsmåte inkl. den årlege fagkonferansen
- Utvide med interesserte kommunar via sine regionråd (= delta i arbeidsgruppa)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til kommunane, KS, Vestland fylkeskommune

Tema IT-utdanning - framlegg til vidare arbeid og organisering

- Gjere prosjektet om til permanent arbeidsgruppe
- Inkludere «IT og kvinner/jenter» som spesialitet og vesentleg del av arbeidet
- Utvide med interesserte kommunar / næringsnettverk i Hordaland via sine regionråd/nettverk (særleg for IT og kvinner)
- Vere rådgjevar og kunnskapsleverandør til HVL, næringsliv, KS, Vestland fylkeskommune

Tema Digitaliseringsnettverk - framlegg til vidare arbeid og organisering

- KS Sogn og Fjordane har mandat frå kommunane til å utgreie moglege samarbeidsformer for digitalisering. Dette kan vere samarbeid innad i fylket og med aktørar utanfor dagens fylkesgrense. Ein føresetnad for eit slikt samarbeid er tydlegare forpliktingar frå kommunane enn ein har i IT-Forum Sjf i dag.
- Årsmøtet ber styret i IT-Forum Sjf greie ut moglege former for samarbeid om digitalisering i samråd med KS, kommunane og fylkeskommunen. IT-Forum Sjf vil bidra til samordning av digitalisering for kommunal sektor i fylket og ser at dette må skje på

kommunane sine premissar. IT-Forum vil stille seg til disposisjon som samarbeidsorgan slik kommunane ser det føremålstenleg.

Møteplassar

- Ta vare på møteplassane og knyte til
 - Lokale arrangement
 - Haustmøte, studieturar og Næringsdagane
- Få fram storsatsing på eit næringsområde?




Fig. 3: Justert gruppestruktur

7. Justert føremål og namn

IT-forum Sogn og Fjordane vart skipa i 1995 og har følgjande mandat / føremål som har vore omlag det same i heile perioden:

«IT-forum Sogn og Fjordane er eit breitt samarbeid og spleiselag som skal sikra at Sogn og Fjordane er i fremste rekkje i å utnytta informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning.

IT-forum utfører eit omfattande arbeid med å initiere, samordne og sikra viktige utviklingsaktivitetar til nytte for heile fylket.»

Utifrå innspel og vurderingar i strategiarbeidet gjorde styret i IT-forum følgjande framlegg til nytt mandat på møtet i 27. februar 2019:

«IT-forum Vest skal gjennom eit breitt samarbeid sikre at lokale og regionale miljø er i fremste rekke i å nytte IT i næringsliv, offentleg sektor, opplæring og utdanning. IT-forum initierer, samordnar og sikrar felles utviklingsaktivitetar til nytte for heile regionen»

Mandatet er no ikkje lenger direkte knytt til Sogn og Fjordane fylke. Namnet blir då føreslege endra til **IT-forum Vest**.

Det nye namnet opnar for ei gradvis utviding ettersom nye regionar blir med i arbeidet. Det kan også opne for vidare samarbeid ved at helseregionen er større enn nye Vestland fylke. Vi kan framleis halde på nettstadadressa <https://it-forum.no/>

Det er verd å merke seg at det allereie eksisterer eit IT-forum Vest, men forumet er registrert i Brønnøysund som foreining med namnet IT-Forum i Hordaland og Rogaland. Dei kallar seg også for IT-Forum Vestland & Rogaland på nettsida, så vi vurderer at vi ikkje treng å ta omsyn til anna enn det dei formelt er registrert med. Det kan sjølvsagt bli kommunikasjonsutfordringar knytt til deira nettstadadresse <https://www.itforum-vest.no/>, men det får vi løyse ved å m.a. vere gode på søkemotoroptimalisering.

8. Organisering

It-forum Sfj framstår som ein formell organisasjon med styre, årsmøte og fleire andre kjenneteikn frå ein formell organisasjon. Men i realiteten har IT-forum Sfj vore organisert som eit prosjekt hjå Vestlandsforskning. Dette har vore valt for å forenkle og gjere administrasjonen rimeleg. Administrative kostnader til rekneskap mm har då vorte dekkja av Vestlandsforskning, og ulike formelle rapporteringar har vore gjennomført på ein forenkla måte som i eit vanleg prosjekt. Organiseringa har vore opp til drøfting i styre og på årsmøtet ved eit par høve, men det har kvar gong vore konkludert med å vidareføre ei slik enkel organisering.

Med stadig aukande aktivitet og etterkvart også eit breiare dekningsområde, er det grunn til å vurdere ei meir formell organisering som ikkje er berre er ei enkel prosjektorganisering.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har utgreidd ulike former for organisering av tilsvarande verksemd. I dette arbeidet bygger vi på dette og vurdering av fire alternativ:

- 1) Aksjeselskap
- 2) Stifting
- 3) Samvirkeføretak
- 4) Foreining.

Nedanfor er ei oversikt over dei moglege formane for organisering, og kva som gjer dei eigna/lite eigna etter behova til IT-forum.

8.1. Aksjeselskap

Med nokre unntak gjeld aksjelova «ethvert selskap hvor ikke noen av deltakerne har personlig ansvar for selskapets forpliktelser», jf. aksjelova (asl.) § 1-1.

Det viktigaste trekket ved eit aksjeselskap er at aksjeeigarane ikkje er ansvarleg for selskapet sine skyldnader utetter. Generalforsamlinga er det øvste myndet. Aksjeselskapet skal ha eit styre som forvaltar selskapet, og kan ha ein dagleg leiar.

Det er fullt mogleg å etablere eit aksjeselskap sjølv om verksemda ikkje skal ha økonomisk karakter. Slik IT-forum Sfj er lagt opp, med høve for medlemmar til å melde seg inn og ut av samanslutninga, vil aksjeselskapsforma likevel vere lite høveleg. Ein er medlem i eit aksjeselskap (AS) ved å eige aksjar. Talet på aksjar i selskapet skal gå fram av vedtektene (jf. aksjelova (asl) § 2-2 (1) nr. 4 og 5). Oppretting av nye aksjar kan berre skje ved endring av vedtektene (asl. kap. 10 og § 5-18) t.d. ved kapitalforhøgning.

Eit aksjeselskap har høve til å kjøpe eigne aksjar etter kapittel 9 i aksjelova, og kan slik sett ha nokre aksjar som høvesvis vert kjøpt og selt av medlemmar som vil inn i /ut av selskapet. Høvet til å erverve eigne aksjar er underlagt visse avgrensingar og er ikkje ei særleg praktisk løysing.

Selskapet kan ikkje teikne egne aksjar ved stifting eller kapitalforhøgning, så ervervet må skje på anna måte. Generalforsamlinga må med fleirtal som for vedtektsendring (§ 5-18) gje styret fullmakt til erverv av egne aksjar. Denne kan vere generell og verte gitt for ei periode på opptil to år.

Skal ein medlem gå ut av eit aksjeselskap er hovudregelen at dette må skje ved sal av aksjane. Retten kan etter søksmål innløyse ein aksjeeigar når tungtvegande grunnar talar for det og ligg føre ein konfliktsituasjon etter § 4-24 (1) punkt 1 til 3. Denne føresegna er med andre ord lite praktisk.

Ein kan tenkje seg ei ordning der eit AS kjøper og seljer aksjar frå medlemmar som ei ordning, men dette er lite praktisk, og organisering som aksjeselskap vil difor vere lite eigna når det er behov for fleksibilitet i medlemsmassen.

8.2. Stifting

Etter lova er ei stifting «en formuesverdi som ved testament, gave eller annen rettslig disposisjon selvstendig er stilt til rådighet for et bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annen art».

Stiftingar er underkasta eit krav om sjølvstende, og har ikkje medlemmar eller eigarar. Eit føremål om å arbeide for medlemmane sine interesser er difor ikkje mogleg. Beskrivinga av føremålet i vedtektene kan likevel langt på veg sette rammer for verksemda til stiftinga.

Ei stifting kan vere alminneleg eller næringsdrivande, og stiftinga må ha høvesvis 100 000 eller 200 000 kroner i grunnkapital ved skipinga.

Endringar i vedtektene og andre endringar skjer ved omdanning. Mynde til å omdanne stiftingar er lagt til Stiftelsestilsynet, ev. andre som har fått mynde via vedtektene. Skiparane kan ikkje få dette myndet.

Organisering som stifting vil dermed gi lite fleksibilitet med omsyn til eventuelle organisatoriske endringar, og dette vil vere ei mindre eigna organisasjonsform.

8.3 Samvirkeforetak

Etter samvirkelova § 1 andre ledd, er eit samvirkeforetak:

«ei samanslutning som har til hovudformål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane gjennom deira deltaking i verksemda som avtakarar, leverandørar eller på anna liknande måte, og der

- 1) avkastinga, bortsett frå ei normal forrenting av innskoten kapital, anten blir ståande i verksemda eller fordelt mellom medlemmane på grunnlag av deira andel i omsetninga med samanslutninga, og
- 2) ikkje nokon av medlemmane har personleg ansvar for skyldnadane til samanslutninga, udelt eller for delar som til saman utgjer dei samla skyldnadane».

Med andre ord er eit samvirkeføretak til liks med aksjeselskap organisert med avgrensa ansvar for skyldnadane til samanslutninga. Kravet om å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane skal i følgje førearbeida (Ot.prp. nr. 21 (2006-2007) tolkast vidt. Det er først og fremst meint som ei motsetning til ideelle interesser, og det er sikta til at føretaket skal vareta medlemmane sine interesser som tilbydarar eller etterspørjarar av varer eller tenester. Kriteriet skil seg frå kravet om økonomisk formål i selskapslova, ved at det etter samvirkelova ikkje er eit krav om at aktiviteten skal vere eigna til å gje overskot.

Eit minstevilkår er at medlemmane mottar ei yting frå føretaket som har økonomisk verdi. Det følgjer av forarbeida at ein ved tvil om ei samanslutning fell inn under samvirkedefinisjonen må ta omsyn til «i kva grad samanslutninga tilfredsstiller samvirkeprinsippa, særleg prinsippa om frivillig og ope medlemskap, demokratisk medlemskontroll, og medlemmen si økonomiske deltaking».¹

Medlemmane i eit samvirkeføretak kan vere både fysiske og juridiske personar, offentlege og private. Eit samvirkeføretak stiftast ved at stiftarane skriv under stiftingsdokumentet, då vert også medlemskapa teikna. Stiftingsdokumentet skal innehalde vedtekter, og viss stiftarane skal gjere innskot i samband med stiftinga, skal dokumentet opplyse om det beløp kva stiftar skal betale, summen av innskotsskyldnadene til stiftarane og tidspunkt og oppgjer av skyldnadene.

Eit viktig poeng med samvirkeføretak er fleksibilitet med tanke på medlemskap. Alle som kan få sine økonomiske interesser varetatt av føretaket har rett til å bli medlem. Vedtektene kan innehalde vilkår for å bli medlem så langt det er sakleg grunn for å stille slike vilkår. Medlemmane har etter § 15 ein rekkje rettar som i stor grad vert utført gjennom årsmøtet. Medlemskap kan gå over til ein ny medlem etter samtykke frå styret, dagleg leiar eller andre, viss vedtektene opnar for dette. Elles kan ein medlem bringe medlemskapen til opphøyr ved skriftleg utmelding til føretaket.

8.4 Foreining

Dette er ei organisasjonsform som ligg nærast opp mot slik IT-forum fungerer i dag. Organisasjonsforma «Foreining» er ikkje regulert i eiga lov. Det rettslege grunnlaget er ulovfesta organisasjonsrettslege prinsipp. Deltakarane disponerer ikkje over foreininga si formue, og det kan difor ikkje bli utbetalt utbytte, eller utdelingar av formuen til medlemmane.² Foreiningane er med andre ord sjølveigande.

Både fysiske og juridiske personar kan vere medlemmar. Medlemskap kan vere heilt ope, eller avhenge av at visse vilkår er oppfylt. Som utgangspunkt har kvart medlem ei stemme i saker som vert behandla i ei foreining, men også dette kan regulerast annleis. Det er ikkje krav om at foreiningar skal ha vedtekter, men i og med at det ikkje er ein lov som regulerer organisasjonsforma, bør ein i IT-forum Sfj sitt tilfelle leggje vekt på regulering gjennom vedtekter.

Det øvste organet vil vere det årlege medlemsmøtet. Årleg møte er ikkje eit rettskrav, men det er den vanlege løysinga. For foreiningar som må levere årleg rekneskap, vil årlege

¹ Ot.prp. nr. 21 (2006-2007) s. 242.

² NOU 2002: 6 punkt 10.2.1.

medlemsmøte vere naudsynt for å godkjenne dette. Det er også vanleg å ha eit styre, som vert valt av medlemsmøtet, og ein dagleg leiar.³

8.5 Tilråding - Organisering

Både aksjeselskap og stiftingar er organisasjonsformer som vil vere lite fleksible og dermed truleg uaktuelle løysingar for IT-forum.

Samvirkelova er tilpassa situasjonar der fleire aktørar utøver verksemd retta mot eit felles føremål, og vil difor kunne passe for IT-forum. Lova regulerer dei viktige tilhøva, samtidig som han gir høve til å tilpasse vedtektene etter behov.

Utifrå slik IT-forum Sjf fungerer i dag - og for at det meir ideologiske grunnlaget for dei som ønskjer å bidra skal kunne vere med - så synes foreining å vere den best egna organisasjonsforma. Ettersom foreiningar ikkje er regulert i lov, er det viktig å ha eit medvite forhold til innhaldet i vedtektene. Det vil til dømes ikkje vere aktuelt å utbetale aktuelle overskot tilbake til medlemmane.

Etter ei samla vurdering er då tilrådinga å gjere IT-forum om frå eit prosjekt, slik det er organisert i dag, til ei forening.

³ Dette avsnittet baserer seg i stor grad på Ole Gjems-Onstad sin artikkel «Nonprofit organisasjons in Norway – legal framework» (2013).

9. Finansiering

Strategiarbeidet har drøfta korleis vi kan få på plass ei finansiering av IT-forum som er betre retta inn mot dei utfordringane som vi ser frå 2020 og som er betre i stand til å kunne inngå samarbeid med nye og viktige aktørar i det nye fylket.

I Sogn og Fjordane har vi døme på at gode satsingar blir underfinansiert og dermed ikkje er i stand til å gi nok kraft, kapasitet og forutsigbarheit i satsingane.

Dersom vi vel å strukturere IT-forum på nytt etter tilrådinga i punkt 8 over, så opnar dette også for at vi kan sjå på finansieringa på nytt. Dersom det ikkje er vilje til å gi IT-forum eit økonomisk grunnlag for realitetstilpassa vidare drift, bør dette vere eit signal om at tida for dette nettverksarbeidet kanskje er over eller må vidareførast med eit anna og kanskje smalare grunnlag og med færre enkeltstående satsingar (t.d. breiband).

Ei strukturering av IT-forum som foreining kan vi sjå på som ei nystifting og leggje opp ein finansieringsmodell som byggjer på to element:

- Ein inngangssum, som sikrar ein grunnkapital for IT-forum
- Eit årleg driftstilskot frå kvar av medlemmane over eit gitt tal år, som sikrar forutsigbarheit i driftskostnader.

Både inngangssummen og det årlege driftstilskotet kan differensierast mellom medlemmane, slik at ei mindre verksemd ikkje få same belastning som dei store.

Ein bør her vere merksam på at IT-forum bør rettast inn slik at det ikkje er snakk om forretningsmessig verksemd. Viss ikkje kan ein møte utfordringar inn mot regelverk for statsstøtte i høve dei offentlege verksemdene som inngår i IT-forum. Dette må eventuelt utgreiast nærare. Grensene for såkalla bagatellmessig støtte (støtte som ikkje fell inn under regelverket) er p.t. 200.000 euro (om lag 1,9 mill. kr.) over tre år.

I tillegg til vanleg driftsstøtte, bør IT-forum kunne søkje offentleg støtte til enkelttiltak når det ligg til rette for det. Også slik støtte må vi ta høgde for at må vurderast inn mot regelverket som er nemnt over.

For 2019, som er eit overgangsår, er hovuddelen av finansieringa allereie avklara. Årsmøtet bør legge opp til å godkjenne eit budsjett omlag i tråd med tidlegare år. Ei ny finansiering vil i hovudsak, med mogleg unntak av ei større satsing innanfor digitaliseringsområdet i 2019, gjelde frå 2020. Styret og sekretariatet må arbeide med ny finansieringsmodell for 2020 tilpassa det som blir vedteke av aktivitetar og dekningsområde.

2.4.2019, styret ved styreleiar Anne Mette Hjelle og sekretariat Ivar Petter Grøtte.